



Føresette Manger skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 15/1446

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

05.02.2015

Viser til foreldreinfo 1 - 2014-15

«Foreldrekøyring

Parkeringstilhøva ved skulen er vanskelege.

Rundkøyringa er berre tenkt til av- og påstigning bortsett frå dei 4 oppmerka plassane sør i rundkøyringa. Vi oppmodar difor alle som ynskjer å følgja borna sine inn på skulen, til å parkera oppe i Manger senter for å ta den korte spaserturen ned til skulen, eller setja av elevane oppe i senteret og let dei gå ned til skulen. Det er svært trangt og uoversiktleg ved innkøyringa til skulen».

No er me inne i ei tid då det i tillegg er mørkt når elevane kjem på skulen.

Me ber dykk om å ikkje parkera langs «sidene» utanfor porten for å følgja borna dykkar på SFO, og heller ikkje stå her og sleppa dei av.

Me har observert ein del situasjonar der bilar ryggar bakover for å snu opp mot einebustaden eller i rundkøyringa. Her kjem elevane gåande over gangfeltet, går på fortauet eit stykke til det sluttar og deretter må dei gå bak bilar som står parkert på sida eller er i ferd med å rygga for å snu.

Dersom alle nyttar rundkøyringa slik den er tenkt, vil ein kunna unngå at det kan oppstå farlege situasjonar.

Det er ikkje eit alternativ å køyra borna inn vegen til Kyrhovden og sleppa dei av der. Dette fører til stor trafikk på ein stad som ikkje er tenkt som «skuleveg». Vonar dei det gjeld kan ta dette til etterretning og tar i bruk «hovudvegen».

Det beste er å sleppa elevar av bak oppe i senteret, og la dei gå ned på skulen, slik elevar som kjem med buss må gjera.

Me ynskjer alle ein trygg og sikker skuleveg for borna våre.

(Det er no løyvd 1 mill. kr til utbetring av parkeringsplass/uteområde, og første planleggingsmøte skal haldast komande veke).

Manger skule, 09.02.2015 Inger Morken Ellingsen (rektor)

Med helsing

Inger Morken Ellingsen
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Føresette Manger skule